
Saksnr: 2021/50040-1
Saksbehandlar: Frank Tore Tveit
Dato: 04.10.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering

Ny handlingsplan for auka andel klima- og miljøvenlege offentlege anskaffingar og grøn innovasjon

I september offentleggjorde Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) ein ny handlingsplan for å auka andelen klima- og miljøvenlege offentlege anskaffingar og grøn innovasjon. Handlingsplanen vil gjelde frå 2021-2030, og skal reviderast i 2024 og 2027. Handlingsplanen inneheld satsingar som gjeld både offentleg sektor generelt og DFØ spesielt.

Handlingsplanen har følgjande målsettingar:

- Redusere skadeleg miljøpåverknad.
- Fremje klimavenlege løysingar og sirkulær økonomi.
- Påverke nasjonale og globale leverandørkjeder.
- Prioritere følgjande innkjøpskategoriar: transport, bygg og anlegg, mat og måltidstenester, plastprodukt, elektriske og elektroniske produkt, batteri, møblar og tekstilar.

Vidare er det sett opp 10 hovudgrep som synleggjer kva og korleis offentleg sektor skal arbeide for å nå målsettingane i handlingsplanen.

- Offentlege oppdragsgjevarar skal fremje null- og lavutsleppsløysingar og sirkulær økonomi, samt forsøke å unngå helse- og miljøskadelege stoff i sine anskaffingar.
- Statlege verksemder skal bane veg for auka andel klima- og miljøvenlege innkjøp.
- DFØs program for grønt kompetanseløft for innkjøps-Norge skal gjennomførast.
- DFØ vil vidareføre og styrke sitt arbeid for leiarutvikling, med vekt på klima- og miljøvenlege anskaffingar og innovasjonskultur.
- DFØ fortsett å forbetre tilgang til statistikk og data om klima-, miljøvenlege og innovative offentlege anskaffingar.
- DFØ og LUP vidareutviklar si rolle som tilretteleggar for auka samarbeid mellom oppdragsgjevarar for å utvikle og nytte miljøteknologi og sirkulære løysingar.
- Inkludering av oppstartsbedrifter innan miljøteknologi i anskaffingsprosessen.
- Samarbeid mellom DFØ og forskings- og innovasjonsmiljø på feltet klima-, miljøvenlege og innovative anskaffingar.
- Tiltak for betre oppfølging og etterleving innan klima-, miljøvenlege og innovative anskaffingar.
- DFØ vidareutviklar si rolle som katalysator og vegleiar for brukarar om tilgjengelege ordningar for økonomisk støtte for meirkostnadar, risikoavlasting og kompetansebygging.

Det vert nemnd ei lang rekke tiltak og anbefalingar innanfor dei nemnde prioriterte innkjøpskategoriane. Det mest spesifikke å merke seg knytt til hovudutvalets fagfelt er anbefalingar knytt til kunstgrasbaner, som ligg under innkjøpskategorien plastprodukt:

- Vurdere behovet for kunstgrasbaner og kva type kunstgras, blant anna ved å etterspørje miljøvenlege alternativ som samtidig leverer gode spel-eigenskapar.
- Dersom ein vel gummigranulat skal ein ha ein plan for tiltak for å hindre spreiiing av granulat (jf. ny forskrift om kuntsgras).
- Ha ein plan for forsvarleg avhending og helst materialgjenvinning av kunstgrasbana som er i tråd med forureiningslova. Kostnad og høvet til avhending og materialgjenvinning skal komme tydeleg fram i tilboda og bør vere ein viktig del av anskaffinga dersom ein vel å la leverandør av nytt kunstgras avhende det gamle.

Meir informasjon finn ein i handlingsplanen, som ligg ved denne saka.

Vedlegg

1 dfo_handlingsplan_2021_0

1